







HYLLESTAD KOMMUNE		MØTEBOK		
KONTROLLUTVALET I HYLLESTAD KOMMUNE				
Møtestad:	Formannskapssalen	Møtedato:	02.05.2013	Frå kl. : 9:00 Til kl. : 10:35
Faste medlemmer i Kontrollutvalet :				
1. Håkon S Gill (Leiar)	Møtte:	Forfall:	Merknader :	
2. Sylvia Helms	X			
3. Stein Arne Solheim	X			
4. Øyvind Høje		X		
5. Reidun Skår	X			
Personlege varamedlemmer :				
1. Monica Ekreskar	Møtte:			
2. Frank Høgmo	X	Flytta		
Ordføreren har møte og talerett i utvalet:				
Ordfører og rådmann får tilsendt innkalling til og møtereferat for møta.				
Andre som møtte :				
SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit				
Rådmann Bente Nesse, sakene 012 - 013/13.				
Økonomisjef Irene Bøe, sak 013/13.				
KRYSS-revisjon v/Steffen Ben Jonstad				
KRYSS-revisjon v/Aud Marit Eide.				
Saker som vart handsama / drøfta i møtet :				
SAKLISTA I MØTET :				
010/13 Godkjenning av innkalling og sakliste.				
011/13 Skriv og meldingar.				
012/13 Plan forvaltningsrevisjon 2013 - 2016.				
013/13 Rekneskap og årsmelding 2012 - Hyllestad kommune.				
014/13 Oppfølgingsliste 2-2013 - Hyllestad.				
015/13 Eventuelt.				
UNDERSKRIFTER :				
 Håkon Gill, leiar	 Sylvia Helms	 Stein Arne Solheim		
 Monica Ekreskar	 Reidun Skår			
 Asgeir Tveit, sekretær				

010/13 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 23.04.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	02.05.2013	010/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.

011/13 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 23.04.2013.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	02.05.2013	011/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

SM 08-13 Kontrollrapport 2012 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Hyllestad.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

Saksutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:

012/13 PLAN FORVALTINGSREVISJON 2013 – 2016 - HYLLESTAD KOMMUNE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit SEKOM- sekretariat
Dato: 24.04.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	02.05.2013	012/13	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Ja

Saksvedlegg

- Utkast til Plan for forvaltingsrevisjon 2013 - 2016 – Hyllestad kommune.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Kommunelova.

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004.

Forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004.

Kontrollutvalssak 021/12 og 05/13.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Kommunestyret godkjenner plan for forvaltningsrevisjon for Hyllestad kommune for perioden 2013 – 2016.
- Planen har i utgangspunkt følgjande prioritering av prosjekt:
 - 1.
 - 2.
 - 3.
 - 4.
- Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å leggje til nye prosjekt og/eller endre prioritering i perioden.

Tilråding frå kontrollutvalet til kommunestyret:

- Kommunestyret godkjenner plan for forvaltningsrevisjon for Hyllestad kommune for perioden 2013 – 2016.
- Planen har i utgangspunkt følgjande prioritering av prosjekt:
 1. Totalgjennomgang av pleie- og omsorgssektoren sett i lys av KOSTRA-tal.
 2. Organisering av tenestene – sakshandsaminga, vedtak og svargjeving.
 3. Sjukefråværet – Status, rutinar og oppfølging av desse.
 4. Vurder bemanning og ressursbruk på ulike tenestoområde.
- Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å leggje til nye prosjekt og/eller endre prioritering i perioden.

PLAN FOR FORVALTINGSREVISJON 2013 - 2016- HYLLESTAD KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Det skal leggjast fram plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2013 – 2016.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar skal kontrollutvalet sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon i kommunen. Det skal lagast plan for forvaltningsrevisjon i kommunen for valperioden innan 31.12. året etter kommunevalet, i denne omgong altså innan 31.12.2012. Kommunestyret skal vedta planen etter innstilling frå kontrollutvalet.

Planen for forvaltningsrevisjon skal vere basert på ein overordna analyse av verksemda i kommunen ut frå risiko- og vesentlegheitsvurderingar med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på dei ulike einingane og tenestoområda.

Forvaltningsrevisjon er i forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004 definert som: *"Systematisk vurdering av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknad ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Under dette om:*

- a) *forvaltninga brukar ressursar til å løyse oppgåver som samsvarar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader,*
- b) *forvaltninga sin ressursbruk og verkemiddel er effektive i høve til måla som er sett på området,*
- c) *regelverket vert etterlevd,*
- d) *styringsverktøy og verkemiddel til forvaltninga er føremålstenlege,*
- e) *vedtaksgrunnlaget frå administrasjonen til dei politiske organ samsvarar med offentlege utgreiingskrav,*
- f) *resultat i tenesteproduksjonen er i tråd med kommunestyret sine føresetnader og/eller resultat for verksemda er nådd."*

I kontrollutvalsmøte 11.03.2013 i sak 005/13 "Overordna analyse" vart overordna analyse presentert av KRYSS-revisjon. Overordna analyse munna ut med forslag om følgjande aktuelle prosjekt:

- Kontrahering av nybygg og nyanlegg.
- Innkjøp/inngåande fakturaer.
- Kontroll av lønsområdet i kommunen «All over» eller sektorvis.
- KOSTRA- til hjelp i planlegging og styring.
- Sjølvkostberekningar.
- Kontroll av lønsområdet, bruk av timelister, mellombels tilsetjing, tilsetjingar i deltidstillingar.
- Evaluering av NN samarbeid.
- Tidsriktig rapportering til politisk nivå.
- Budsjettprosess/ fordeling av ressursar.

- «Korrekt handtering av din sak?»
- Oppfølging av vedtak i Hyllestad kommune.
- KOSTRA- til hjelp i planlegging og styring?
- Gjennomgang av ulike reglement og arkivsystem/-ordning.
- Sjukefråværet – årsak og sammenhengar.
- Økonomistyring – samhandlingar mellom tenesta med ansvar for grunnlagsdata og økonomi-/rekneskapsavdelinga - innkrevjingsrutinane.
- Vurder bemanninga og ressursbruken på ulike tenesteområde.
- Vurder IT/IKT samarbeid.
- Sjukefråveret
 - o Bruk av eigenmeldingar
 - o Fråværsregistreringar
 - o Personar på timelister.
- Sikring og bruk av kunst.
- Sunnfjord Miljøverk IKS:
- Organisering av legeordninga.
- Innkjøpsavtalar og innkjøpssamarbeid som Hyllestad kommune er delaktig i.
- Organisering av tenestene – Sakshandsaminga, vedtak og svargjeving.

På grunnlag av overordna analyse skal kontrollutvalet lage ein plan for forvaltingsrevisjon som det skal tilrå for kommunestyret. Konkret blir kontrollutvalet si oppgåve å velje 3 - 4 prosjekt frå dei forslaga som ligg ovanfor, eller evt. andre prosjekt kontrollutvalet ynskjer å prioritere som skal leggjast inn i planen.

Det vert elles vist til vedlagte utkast til Plan for forvaltingsrevisjon 2013 – 2016.

Sekretariatet sine vurderingar

Sekretariatet er kjent med at det av fleire kommunar i Sunnfjord er valt prosjekt inn mot innkjøpsfunksjonen. Det har elles tidlegare i desse kommunane vore gjennomført fleire prosjekt inn mot VAR-sektoren, inn mot sjukefråvær og inn mot økonomistyring. I Nordfjordkommunane er det for tida fokus på vedlikehald av kommunale eigedomar. Med tanke på synergieffekt, vil val av eit av desse prosjekta kunne medføre ei meir effektiv gjennomføring av forvaltningsrevisjonsprosjekt.

Plan for forvaltingsrevisjon

Hyllestad kommune

2013 -2016



Hyllestad kommune

Innhold:

1. Innleiing
2. Prioritering

INNLEIING

1.0 Bakgrunn

I kommunelova § 77 pkt. 4 står det at kontrollutvalet skal sjå til at det vert ført kontroll med at den økonomiske forvaltinga føregår i samsvar med gjeldande reglar og vedtak, og at det vert gjennomført systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader (forvaltingsrevisjon).

Forskrift om kontrollutval § 10 Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon lyder slik:

§ 10. Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegere til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.

Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkekommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorer og virksomheter.

1.1. Kontrollutvalet si rolle

Kontrollutvalet ynskjer å medvirke til fornuftig ressursbruk og god forvaltning i kommunen, og ser forvaltningsrevisjon som eit verkemiddel til å oppnå dette. Kommunestyret har det øvste ansvaret for at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon, og kan gje instruksar om kva prosjekt om forvaltningsrevisjon som skal setjast i verk. Kontrollutvalet har ei tingarrolle overfor revisor i høve til forvaltningsrevisjonen som skal utførast.

1.2 Tidsperspektiv

Kravet i forskrifta er at planen for gjennomføring av forvaltningsrevisjon vert utarbeidd minimum ein gong i laupet av valperioden. Kontrollutvalet ser det ikkje som naudsynt å leggje planen fram for bystyret oftare med mindre det oppstår situasjonar i perioden planen gjeld for som gjer at kontrollutvalet finn dette føremålstenleg. Denne planen omhandlar prioriteringar og arbeid for perioden 2012 – 2015 eller fram til det vert laga ein ny plan.

1.3 Overordna analyse

Kontrollutvalet vil jobbe aktivt med å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på ulike område. Dette vil kunne skje gjennom ein dialog mellom kontrollutval, administrasjon, revisor og andre. Dette vil vere ein laupande prosess. Det er utarbeidd ein overordna analyse av verksemda i kommunen ut frå risiko- og vesentlegskapsvurderingar. Analysen gjennomført av KRYSS-revisjon. Analysen er hovudgrunnlaget for prioriteringane i denne planen.

Føremålet med analysen har vore å framskaffe relevant informasjon om verksemda i kommunen, slik at det i planen for forvaltningsrevisjon vert mogeleg å prioritere mellom ulike område der slike revisjonar vil vere aktuelle. Målet er å avdekke indikasjonar på avvik eller veikskap i forvaltinga sett i høve til lover, forskrifter og kommunestyret sine vedtak og føresetnader.

1.4 Definisjon av forvaltningsrevisjon

Forvaltningsrevisjon er i kommunelova § 77, nr. 4 definert som ”...systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader.”

Innhaldet i forvaltningsrevisjonen er ytterlegare utdjupa i forskrift om revisjon § 7, første ledd:

Forvaltningsrevisjon inneber å gjennomføre systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader.

Under dette om

- a) forvaltninga brukar ressursar til å løyse oppgåver som samsvarar med bystyret sine vedtak og føresetnader*
- b) ressursbruken og verkemidla til forvaltninga er effektive i høve til måla som er sett på området*
- c) regelverket vert etterlevd*
- d) styringsverktøya og verkemidla til forvaltninga er føremålstenlege.*
- e) vedtaksgrunnlaget frå administrasjonen til dei politiske organa samsvarar med offentlege utgreiingskrav*
- f) resultatata i tenesteproduksjonen er i tråd med kommunestyret sine føresetnader og/eller om resultat for verksemda er nådd.*

Opplistinga er ikkje uttømmende.

PRIORITERINGAR

2.1 Generelt

Omfanget av forvaltningsrevisjon er avhengig av identifiserte behov og dei ressursar som vert stilte til rådvelde for oppgåva. Den gjennomførte analysen er ikkje uttømmende, og vil ikkje kunne ta omsyn til alle tilhøve. Han må sjåast på som eit verktøy til å gjere ei prioritering av område/tema som vil vere aktuelle for forvaltningsrevisjon. Konkret formulering av prosjektet må ein kome attende til når tingingsdokument skal utformast.

2.2 Prioriterte område for forvaltningsrevisjon i perioden

Kontrollutvalet har med bakgrunn i overordna analyse og i det som er nemnt over vurdert følgjande område som aktuelle for forvaltningsrevisjon i perioden:

- 1. Totalgjennomgang av pleie- og omsorgssektoren sett i lys av KOSTRA-tal.**
- 2. Organisering av tenestene – sakshandsaminga, vedtak og svargjeving.**
- 3. Sjukefråværet – Status, rutinar og oppfølging av desse.**
- 4. Vurder bemanning og ressursbruk på ulike tenesteområde.**

Det kan tenkjast at kontrollutvalet gjennom sitt laupande arbeid vert kjent med tilhøve som etter utvalet si vurdering bør gjerast gjenstand for forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet ber kommunestyret om å få høve til eventuelt å gjere omprioriteringar av framlagde plan / setje i gong forvaltningsrevisjon der dette vert vurdert som naudsynt. Resultat av slike eventuelle forvaltningsrevisjonar vil bli rapportert til kommunestyret etter gjeldande retningslinjer.

2.3. Rapportering av gjennomførte prosjekt

Kontrollutvalet vil laupande rapportere til kommunestyret om kva forvaltingsrevisjonar som er gjennomførde. I samsvar med forskrift om kontrollutval § 11 skal kontrollutvalet rapportere til kommunestyret om kva forvaltingsrevisjonar som er gjennomførde og om resultatane av desse. Kontrollutvalet vil oppfylle rapporteringskravet anten ved å sende rapportane vidare til bystyret for handsaming, eller ved å sende dei til kommunestyret som meldingssak. Det vil også bli opplyst om gjennomførte prosjekt og prosjekt under arbeid i kontrollutvalet si årsmelding til kommunestyret. Vidare er det kontrollutvalet si oppgåve å sjå til at kommunestyret sine vedtak i samband med handsaming av rapportar om forvaltingsrevisjon vert følgde opp.

013/13 REKNESKAP OG ÅRSMELDING 2012 – HYLLESTAD KOMMUNE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 24.04.2013.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	02.05.2013	013/13	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Ja

Saksvedlegg.

- Forslag til uttale frå kontrollutvalet i Hyllestad kommune.
- Årsmelding 2012. (Sendt frå kommunen).
- Rekneskap 2012. (Sendt frå kommunen).
- Revisjonsmelding frå KRYSS-revisjon datert 03.04.2013.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunelova.
- Kommunale budsjett- og rekneskapsforskrifter.
- Forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Sjå vedlagte uttale frå kontrollutvalet om årsrekneskapen 2012 for Hyllestad kommune, datert 02.05.2013.

KONTROLLUTVALET SIN UTTALE TIL KOMMUNESTYRET:

- Sjå vedlagte uttale frå kontrollutvalet om årsrekneskapen 2012 for Hyllestad kommune, datert 02.05.2013.

Saksutgreiing

REKNESKAP OG ÅRSMELDING 2012 – HYLLESTAD KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Presentasjon og godkjenning av årsrekneskapen 2011 for Hyllestad kommune.

Saksopplysningar:

Sekretariatet viser til §§6, 7 og 8 i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 1.7.2004. Sjå nedanfor. Desse heimlar kontrollutvalet sitt ansvar i samband med revisjon og presentasjon av rekneskapen.

Det er formannskapet som gjev innstilling/tilråding til kommunestyret. Formannskapet gjev innstilling/tilråding når revisjonsmelding føreligg og kontrollutvalet har gjeve sin uttale.

§ 6. Regnskapsrevisjon

Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens årsregnskap og kommunale eller fylkeskommunale foretaks årsregnskap blir revidert på en betryggende måte, herunder holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at dette foregår i samsvar med de bestemmelser som følger av lov og forskrift, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalgets instruksjer, eller avtaler med revisor.

§ 7. Uttalelse om årsregnskapet

Når kontrollutvalget er blitt forelagt revisjonsberetningen fra revisor, skal utvalget avgi uttalelse om årsregnskapet før det vedtas av kommunestyret eller fylkestinget. Uttalelsen avgis til kommunestyret eller fylkestinget. Kopi av uttalelsen skal være formannskapet/kommunerådet eller fylkesutvalget/fylkesrådet i hende tidnok til at det kan tas hensyn til den før dette organet avgir innstilling om årsregnskapet til kommunestyret/fylkestinget.

§ 8. Oppfølging av revisjonsmerknader

Når revisor påpeker forhold i årsregnskapet, jf. forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner § 4, skal kontrollutvalget påse at dette blir fulgt opp.

Det skal også rapporteres om tidligere saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte. Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan kommunestyrets eller fylkestingets merknader er blitt fulgt opp.

Etter §7, skal kontrollutvalet altså gje ein uttale til rekneskapen som skal stilast til kommunestyret. Formannskapet skal ha kopi av uttalen. Forslag til uttale ligg ved. Til grunn for uttalen ligg revisjonsmeldinga, årsmeldinga og rekneskapen.

Rådmannen er inkalla til møtet og er budd på å gje nærare orientering om innhaldet i rekneskapen.

KRYSS-revisjon er innkalla til møtet. Dei er og budde på å svara på spørsmål som kontrollutvalet ynskjer nærare informasjon om.

Sekretariatet sine vurderingar:

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn.

Til
Kommunestyret i Hyllestad

Hyllestad 02.05.2013

UTTALE FRÅ KONTROLLUTVALET OM ÅRSREKNESKAPEN 2012 FOR HYLLESTAD KOMMUNE

Årsrekneskapen 2012 for Hyllestad kommune er handsama i kontrollutvalet i Hyllestad 02.05.2013.

Grunnlaget for handsaminga har vore:

- Den avlagte årsrekneskapen for 2012 for Hyllestad kommune.
- Årsmeldinga for 2012 frå rådmannen.
- Revisjonsmeldinga frå KRYSS-revisjon datert 03.04.2013.

Årsrekneskapen er levert av rådmannen. Netto driftsresultat i årsrekneskapen er eit mindreforbruk på kr. 0,220 mill. Etter at det er teke omsyn til interne finansieringstransaksjonar er rekneskapen gjort opp i balanse.

KS si tilråding er at netto driftsresultat bør liggje på 3% av driftsinntektene for å sikre positiv økonomisk utvikling. Netto driftsresultat for Hyllestad kommune er under dette tilrådde målet.

Driftsbudsjett på inntektssida var kr. 125,6 mill. Rekneskapen viser inntekter på kr. 132,7 mill. Det vert vist til Økonomisk oversikt – Drift for detaljar om avviket.

Driftsbudsjettet på kostnadssida var kr. 124,2 mill. Rekneskapen viser kr. 134,5 mill. Det vert vist til Økonomisk oversikt – Drift for detaljar om avviket.

Brutto driftsresultat er kr. 3,4 mill. dårlegare enn budsjettet.

Resultatet på eksterne finanstransaksjonar er kr. 0,9 mill. betre enn budsjettet.

Kontrollutvalet merkar seg at det hovudsakleg har vore god budsjettdisiplin på ansvarsområda. Det er ikkje vesentlege avvik på nokon einingar. Samla kjem kommunen ut med eit overforbruk på kr 1,6 mill på driftseiningane. Jfr. Rekneskapsskjema 1B drift – rammekontroll 2012.

Kontrollutvalet har likevel merka seg at av det nemnde meirforbruket i høve til revidert budsjett, stort 1,3 mill., kjem omsorgstenesta ut med eit overforbruk stort kr. 969.000,-. Dette kjem i tillegg til at

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 VØ 951 39 762 VØ	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn.

budsjettet for denne sektoren vart oppjustert med ein million kroner for 3. kvartalet. Rådmannen har i tidlegare møte orientert kontrollutvalet om iverksette og planlagde tiltak for å få situasjonen under kontroll, og kontrollutvalet hadde ingen merknader til denne orienteringa.

Kontrollutvalet er samd med rådmannen som finn situasjonen utfordrande. Kontrollutvalet har likevel merka seg den generelt positive utviklinga i sjukefråværet og at rekrutteringssituasjonen har betra seg.

Utan at rådmannen har kommentert bruken av vikartenester spesielt, har kontrollutvalet merka seg at kjøp av slike tenester innan sektoren er redusert frå 3,8 mill. i 2011 til 2,4 mill. i 2012, og at avtalen med Vacant går ut ved komande årsskifte. Trass i tilleggsøyving har budsjettsituasjonen i haust, etter det som er meldt, vore krevjande med harde budsjettkutt.

Kontrollutvalet legg til grunn at kjøpet av vikartenester har vore med på å drive kostnadene innan sektoren opp. Kontrollutvalet stiller spørsmål ved om til dømes avviking av ferien 2012, der ein nytta vikarbyrå, har vore rett ressursbruk.

Investeringsrekneskapen 2012 er avslutta i balanse. Det vert vist til administrasjonssjefen sine kommentarar om investeringsrekneskapen i årsmeldinga pkt. 4.


Finansieringa av dei fleste investeringsprosjekta er hovudsakleg gjorde ved opptak av lån, og i 2012 har gjeldsgrada auka frå 88,9% til 92,2%. Kontrollutvalet peikar på at auken i lånegjeld vil verte tyngjande for den framtidige drifta. Spesielt dersom rentesatsen går opp. Det vert vist til balansen for detaljar.

Arbeidskapitalen er god og likviditetssituasjonen synest å vere tilfredsstillande. Arbeidskapitalen har betra seg i høve til årsrekneskapen 2011.

Kontrollutvalet viser utover dette til årsmeldinga frå administrasjonen. Denne synest å omtale rekneskapen på ein god måte.

Kontrollutvalet viser også til revisjonsmeldinga. Revisor har ikkje merknader til årsrekneskapen.

Kontrollutvalet meiner at rekneskapen for Hyllestad kommune kan godkjennast slik han ligg føre.


Håkon S Gull
-leiar-


Sylvia Helms


Stein Arne Solheim


Monica Ekreskar


Reidun Skår

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 VØ 951 39 762 VØ	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

014/13 OPPFØLGINGSLISTE 2-2013

Sakshandsamar: Asgeir Tveit, SEKOM- sekretariat
Dato: 24.04.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	02.05.2013	014/13	-	Ja
Formannskap		-	-	
Kommunestyre		-	-	

Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 2-2013 Hyllestad.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Oppfølgingsliste 2-2013 Hyllestad vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Oppfølgingsliste 2-2013 Hyllestad vert teken til vitande.

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 2-2013

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 24.april 2013.

Lista vil bli oppdatert fortløypande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppfølgingsliste 2-2013 - Hyllestad.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Hyllestad kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
22/09 Kontrollutvalsarbeid - tiltak	17.11.09		17.11.09: Vedtak KU: - Orientering frå adm om einingane. - Tertialrapportar som SM. - Tilsynsrapportar frå fylkesmannen som SM. - Kvalitetsrapportar revisor. - Orientering frå revisor om revisjon generelt og om status i revisjonsarbeidet 1 – 2 g. i året.
02/11 Forvaltningsrevisjonsprosjekt "Vurdering av delegasjonsreglement – rutinar og tilbakerapportering.	08.03.11	Frist 28.02.2012	08.03.11 Tinging "Vurdering av delegasjonsreglement – rutinar og tilbakerapportering." Godkjent. 08.03.11 Sendt til KRYSS for operasjonisering. 13.09.12 E-post frå Sekom til Kryss 13.09.12 E-post frå Kryss til Sekom. 01.02.13 Prosjektet lagt på is.
027/12 Status forvaltningsrevisjonsprosjekt «Vurdering av delegasjonsreglement – rutinar og tilbakerapportering.	26.09.12		26.09.12 Vedttak KU - <ul style="list-style-type: none"> ○ Kontrollutvalet tek til vitande KRYSS-revisjon si tilbakemelding av 13.09.2012 om at forvaltningsrevisjonsprosjektet «Vurdering av delegasjonsreglementet – rutinar og tilbakerapportering til politisk nivå» er planlagt å bli starta opp med oppstartmøte ultimo september 2012. ○ Kontrollperioden for prosjektet vert endra frå 2. halvår 2010 til 2. halvår 2011. ○ Kontrollutvalet ber om at KRYSS revisjon levere gjennomføringsplan for prosjektet, og at denne vert laga slik at han kan leggjast fram for kontrollutvalet i neste møte. <p>26.09.12 s epost til KRYSS</p> <p>13.11.12 s epost til KRYSS</p> <p>22.11.12 Melding om at plan vert ferdig til 01.02.13 Vedtak om at prosjektet ikkje vert vidareført.</p>
033/12 Orientering – Rapport etter tilsyn etter barnehagelova.	03.12.12		03.12.12 Vedtak KU – Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande. - Kontrollutvalet viser også til kontrollutvalssakene 03/12 og 16/12.
001/13 Godkjenning av innkalling og sakliste	11.03.13		11.03.13 Vedtak KU: Innkalling og sakliste vert godkjent.
002/13 Skriv og meldingar	11.03.13		11.03.13 Vedtak KU: Skriv og meldingar vert teken til vitande.
003/13 Vurdering av oppdragsansvarleg revisor si uavhengighet.	11.03.13		11.03.13 Vedtak KU: Oppdragsansvarleg revisor har vurdert si uavhengigheit med utgangspunkt i dei objektivitetskrav som kjem til uttrykk i Kommuneloven § 79 og Forskrift om revisjon §§ 13 og 14. Det er ikkje opplysningar i

			eigenvurderinga som svekkar oppdragsansvarleg revisor sin tillit m.o.t uavhengigheit og objektivitet overfor Hyllestad kommune. 14.03.13 Sendt til ks til orientering.
004/13 Møteplan for kontrollutvalet i Hyllestad 2013	11.03.13		11.03.13 Vedtak KU: Møteplan for kontrollutvalet i Hyllestad for 2013 vert godkjent.
005/13 Overordna analyse – Hyllestad kommune.	11.03.13		<ul style="list-style-type: none"> - 11.03.13 Vedtak KU: Det vert vist til dokumentet «Overordnaanalyse for Hyllestad kommune» med vedlegg, datert 14.02.2013 og presentasjon av Overordna analyse av KRYSS-revisjon i møtet. - Kontrollutvalet ber KRYSS-revisjon orientere kommunestyret om arbeidet med overordna analyse, samt arbeidet med kontroll og tilsyn. - Overordnaanalyse vert å nytte som grunnlag for å prioritere prosjekt i plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012-2016. Plan for forvaltningsrevisjon vert lagt fram som eiga sak på neste møte.
006/13 Årsmelding 2012 frå kontrollutvalet i Hyllestad	11.03.13		11.03.13 Vedtak KU: Årsmelding frå kontrollutvalet i Hyllestad vert godkjent. 14.03.13 Årsmelding sendt til KS Ikkje kome på saklista i kst.
007/13: Forvaltningsrevisjonsprosjekt – vurdering av delegasjonsreglement – rutinar og tilbakerapportering- Prosjektplan.			11.03.13 Vedtak KU: - Etter omstenda vert forvaltningsrevisjonsprosjektet ikkje vidareført. Aktuelle moment vert så langt det er naturleg lagt inn i overordna analyse, sak 005/13. Forvaltningsrevisor Steffen B. Jonstad vert invitert til neste kontrollutvalsmøte den 2. mai. 14.03.13 Sendt melding til KRYSS-revisjon om vedtak.
008/13 Oppfølgingsliste 1-2013			11.03.13 Vedtak KU: Oppfølgingsliste vert justert i samsvar med det som kom fram på møtet.
009/13 Eventuelt			11.03.13 Vedtak KU: Det vart ikkje teke opp saker under eventuelt.

Oppdatert 24.04.13

015/13 EVENTUELT

Sakshandsamar: Asgeir Tveit, SEKOM- sekretariat
Dato: 24.04.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	02.05.2013	015.13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyre	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

Det vart ikkje teke opp saker.

Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.